

Skikrinsstyret@

Sakshand.: KD/FÅ

Dato: 10.03.2022

Arkivk.: styret/møter/innkalling/21-23

PROTOKOLL MØTE NR. 06 I SKIKRINSSTYRET, 2021-2023
--

Stad: Microsoft Teams

Tidspunkt: Torsdag 10. mars kl. 20.00-22.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 48 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 49 21-23 Godkjenning av protokoll nr. 05 21-23 frå Skikrinsstyret

RAPPORTERING

SAK 50 21-23 Rekneskap 2021

ORIENTERINGSSAKER

SAK 51 21-23 Organisering NSF (Hoppsaka)
SAK 52 21-23 Skiklubbutviklar SFSK

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 53 21-23 Skitinget 2022

EVENTUELT

TIL STADES: Finn Årdal, Tonje N. Tangerud, Anders Engeland, Anne Marie Svarstad, Tor Arne Hov, Kennet Dvergedal (adm.)

FORFALL: Jan Inge Årdal og Roger Ellingsund

MERKNADER: Tor Arne Hov kom inn i møtet til SAK 53.

REFERENT: Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 48 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste
Bakgrunn
Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 49 21-23

Godkjenning av protokoll nr. 05 21-23 frå Skikrinsstyret Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 05 21-23 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedleg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 05 21-23.

RAPPORTERING

SAK 50 21-23

Rekneskap 2021

Bakgrunn

Rekneskapen for 2021 er vedlagt.

Nøkkeltal pr. 31.12.2021:

Avsetning 2021 til 2022

1) Arbeidsutvalet (AU) / Utedagen kr. 100 000,-

Driftsinntekter samla kr. 2 710 382,-

Driftskostnader samla kr. 1 902 551,-

Resultat samla for skikrinsen: kr. 707 831,-

Resultat Arbeidsutvalet	kr. 319 082,-
Resultat Alpinkomiteen	kr. 200 902,-
Resultat Hopp- og kombinertkomiteen	kr. -8 296,-
Resultat Langrennskomiteen	kr. 196 144,-

Total EK pr. 31.12.2021: kr. 2 958 665,-

- AU EK pr. 31.12.2021:	kr. 1 277 385,-
- Alpinkomiteen EK pr. 31.12.2021:	kr. 745 139,-
- Hopp- og komb. komiteen EK pr. 31.12.2021:	kr. 139 104,-
- Langrennskomiteen EK pr. 31.12.2021:	kr. 797 038,-

1) AU: kr. 100 000,- i tilskot frå fylkeskommunen til prosjekt Utedagen setjast til vidareføring av prosjektet vinteren 2022.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner rekneskapen for 2021, og med avsetningar til 2022.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 51 21-23 Organisering NSF (Hoppsaka) Bakgrunn

Evalueringsutvalget for denne saka la fram sin rapport i slutten av januar der det vart peika på mange forbetningspunkt. Kretsane har bede om at skistyret prioriterer kva som er viktigast å starte med og sette igong forbetningar raskast mogeleg. Dette vert jobba med i organisasjonen men kretsane har ikkje vore mykje involvert etter møtet der rapporten vart framlagt. Organiseringa i NSF vert nok ei stor sak på tinget i juni. Det bør nok gjerast mykje arbeid sentralt framover i denne saka og vi som kretsar vil nok truleg få saker vi må ta stilling til også før tinget.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering

SAK 52 21-23 Skiklubbutviklar SFSK Bakgrunn

Stillingsannonse for tilsetjing av skiklubbutviklar i Sogn og Fjordane Skikrins har søknadsfrist 6. Mars.

Adm. og styreleiar orienterar om søknadar og tilsetjingsprosess vidare.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 53 21-23 Skitinget 2022 Bakgrunn

Kretsane har frist til 11.03 for å komme med forslag til valkomiteen på kandidater til sentrale verv i NSF. Så dette er fint om alle tenker gjennom før møtet slik at vi kan gjere eit vedtak på gode namn vi kan sende inn her.

Det skal fremjast forslag på kandidatar til følgjande verv/ komitear:

- Skistyret; herunder president, visepresident, 5 styremedlemmar og varamedlem
- Leiar og nestleiar, samt 2-4 medlemmar i kvar greinkomite
- Kontrollkomiteen, herunder leiar, nestleiar, medlem og 2 varamedlemmar
- Lov- og påtaleutvalget, herunder, leiar, nestleiar, medlem og 2 varamedlemmar
- Etisk komite, herunder leiar, nestleiar, medlem og varamedlem.

Vi må og gjere vedtak på om det er saker vi skal sende inn for handsaming på det sentrale tinget. Her har styreleiar hatt ein dialog med Hordaland skikrets om eit felles forslag som ein vurderer å sende inn. Dette ligg vedlagt i innkallinga og det er viktig at alle ser på dette før møtet då vi må ta ein konklusjon på dette her.



VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å sende inn forslag på kandidatar til sentrale verv. Vidare gjer skikrinsstyret vedtak om å sende inn to forslag til saker til skitinget: «funksjonstidsavgrensning» og «Styrking av breidde og rekrutteringsarbeid NSF».

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Leiar

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef